

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Førde HF

13.11.2024

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- AGNES LANDSTAD, signert 14.11.2024 med ID-Porten: BankID
- OLE GUNNAR KRAKHELLEN, signert 15.11.2024 med ID-Porten: BankID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

PROTOKOLL

FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE FØRDE HF

Onsdag 13. november 2024 kl. 09.00 blei det halde føretaksmøte i Helse Førde HF. Møtet blei gjennomført digitalt.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Ventetidsløftet

Frå Helse Vest RHF møtte: Agnes Landstad, styreleiar

Frå styret møtte: Ole Gunnar Krakhellen, styreleiar

Frå administrasjonen møtte: Arve Varden, administrerande direktør

Også til stades: Inger Cathrine Bryne, administrerande direktør Helse Vest RHF
Ivar Eriksen, eigardirektør

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.

- AGNES LANDSTAD, 14.11.2024
- OLE GUNNAR KRAKHELLEN, 15.11.2024



Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Agnes Landstad, med fullmakt til å utøve eigarmyndigheit på vegne av Helse Vest RHF etter helseføretakslova § 16, ønskte velkommen og spurde om det var merknadar til innkallinga.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Ole Gunnar Krakhellen og Agnes Landstad blei valt til å underskrive protokollen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknadar til den utsende dagsorden. Det var ingen merknadar til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3 Ventetidsløftet

Føretaksmøtet viste til måla stilt i oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF frå 16. januar i år og styringsdokumentet til helseføretaka for 2024:

Gjennomsnittleg ventetid skal reduserast samanlikna med 2023 for somatikk, psykisk helsevern for barn og unge, psykiske helsevern for vaksne og TSB. Målsetjinga på sikt er gjennomsnittleg ventetid lågare enn 50 dagar for somatikk, 40 dagar for psykisk helsevern vaksne, 35 dagar for psykisk helsevern barn og unge og 30 dagar for TSB

Føretaksmøtet viste vidare til revidert oppdragsdokument til Helse Vest RHF 3. juli i år og til tilleggskildokumentet til styringsdokumentet til helseføretaka for 2024 vedteke i felles føretaksmøtet med helseføretaka 13. september 2024, der det mellom anna blei vist til avtalen om Ventetidsløftet som blei inngått 13. mai:

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 er det løyvd 2000 mill. kroner for å bidra til at ventetidene i spesialisthelsetenesta skal reduserast markant, i tråd med ambisjonane i Ventetidsløftet. Av dette er 400 mill. kroner til eittårige tiltak og 1600 mill. kroner til ein varig løyvingauke som også skal leggje til rette for aktivitet og investeringar som målretta og effektivt bidreg til å redusere ventetidene raskt. Det blir vist til Ventetidsløftet, der regjeringa, dei regionale helseføretaka, organisasjonane til tilsette og arbeidsgivarorganisasjonar i offentleg og privat sektor er samde om mål og aktuelle tiltak for å redusere ventetidene.

Dei regionale helseføretaka er gitt i oppdrag å:



• umiddelbart setje i verk tiltak for å redusere ventetidene, i tråd med Ventetidsløftet, slik at trenden blir snudd og vi i perioden 2024 til 2025 får ein markant reduksjon i ventetidene. Dei tre hovudspora for tiltak i Ventetidsløftet er helsepersonell, innovasjon og samarbeid. Døme på tiltak er arbeid for betre oppgåvedeling, kvelds- og helgeopne poliklinikkar, digitale løysingar og innovasjonar som frigjer arbeidstid og samarbeid med private aktørar, mellom anna gjennom kjøp av ledig kapasitet etter avtale med og prioritering av det offentlege. Det skal leggjast særleg vekt på tiltak som raskt kan gi resultat og samtidig varige effektar, og som i tillegg varetek dei tilsette og arbeidsmiljø. Det er forventat at dei regionale helseføretaka tek i bruk alle tiltak som er beskrivne i Ventetidsløftet, etter ei prioritering av kva som verkar mest effektivt for å nå måla for dei ulike delane av spesialisthelsetenesta. Partssamarbeidet skal nyttast aktivt og lokale tillitsvalde skal involverast på ein god måte i arbeidet. Personellkonsekvensar av tiltaka skal vurderast.

I tilleggskdokumentet til styringsdokumentet for 2024 blei helseføretaka bedt om å delta i det regionale arbeidet for å redusere ventetider og fristbrot i regionen, jmf styresak 063/24 behandla i styret i Helse Vest 19. juni 2024 samt å iverksette eigne tiltak for å redusere ventetider og fristbrot. Status for ventetider og fristbrot skal rapporterast månadleg til styra i helseføretaka etter mal tilsendt frå Helse Vest RHF.

I føretaksmøtet i Helse Vest RHF den 5. november 2024 blei betydninga av å nå styringsmåla for 2024 og å nå måla i Ventetidsløftet om å redusere ventetidene markant i perioden 2024 til 2025 understreka. Dette stiller store krav til arbeidet, og helseføretaka blir bedt om straks å forsterka innsatsen i arbeidet med ventetider. I inneverande år skal det leggjast vekt på å avvikle flest mogleg ventande innan utgangen av året, samtidig som påbegynt ventetid for nyttilviste blir halde lågt. For å få til dette er det behov for ei betydeleg utviding av kapasiteten i november og desember, til dømes gjennom ekstraordinære frivillige utvidingar av arbeidstida og kjøp av privat kapasitet. Det er viktig å velje mest mogleg kostnadseffektive tiltak som har tilstrekkeleg kraft til å få ned ventetidene hurtig.

For 2025 er målet at ventetidene skal vere lik eller under ventetidene i 2019, dvs. før pandemien, jf. vedtak under. Kravet for komande år blir stilt allereie no for å sikre tilstrekkeleg fokus og planlegging, og for at det blir sett i gang ekstraordinære tiltak slik at ein raskt kan vise til ei betydeleg positiv utvikling allereie før jul i år.

Dei regionale helseføretaka har gjennomført berekningar av kva for auke i kapasiteten som vil vere nødvendig å gjennomføre for at ventetidene i juni 2025 skal vere på same nivå som i 2019. Det er i berekningane teke utgangspunkt i områda med flest ventande. Føretaksmøtet i Helse Vest har bede om at desse berekningane, inkludert ein kapasitetsbuffer, blir lagt til grunn for planlagt aktivitet fram mot sommaren 2025.

Føretaksmøtet vedtok:

1. I november og desember 2024 skal det gjennomførast ein særleg innsats for å redusere ventetider og avvikle flest mogleg ventande, samtidig som ventetida for nyttilviste ikkje aukar og slik at det blir lagt til rette for å nå måla i 2025.



2. Gjennomsnittleg ventetid i 2025 skal vere lik eller under 61 dagar i somatikken, 44 dagar innan psykisk helsevern vaksne, 45 dagar innan psykisk helsevern born og unge og 33 dagar innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB).
3. For å sikre at styringsmåla i 2025 blir nådd, skal kapasitetsberekningane til dei regionale helseføretaka, inkludert ein kapasitetsbuffer på minimum 20 pst., leggjast til grunn for fastsetjing av auka aktivitet frå og med no og fram mot juni 2025. Dersom kapasiteten må ytterlegare opp for at gjennomsnittleg ventetid i alle fagområde i juni 2025 er lik eller under juni 2019, skal det så tidleg som mogleg gjennomførast tiltak som aukar kapasiteten til tilstrekkeleg nivå, inkludert ein usikkerheitsbuffer.
4. For å møte krava, gjeldande for november og desember, krevst tett dialog og aktiv oppfølging frå både Helse Vest RHF og helseføretaka i regionen. Helseføretaka skal delta i ekstraordinære oppfølgingsmøter kvar veke – førebels i perioden frå veke 47 t.o.m. veke 51 2024 - med gjensidig rapportering på status og oppfølging av ulike tiltak. Administrerande direktør deltek saman med lokal koordinator, og eventuelt fleire aktuelle.
5. Helse Vest RHF vil i oppfølginga i november og desember 2024 prioritere ØNH, ortopedi, øye og plastikkirurgi.

_____, den _____

Ole Gunnar Krakhellen

_____, den _____

Agnes Landstad

- AGNES LANDSTAD, 14.11.2024
- OLE GUNNAR KRAKHELLEN, 15.11.2024

